



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
25.10.2018
Dykkar dato
17.09.2018

Vår referanse
2018/7893 421.4
Dykkar referanse
18/1461

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Uttale til Offentleg ettersyn av reguleringsplan for KV 1133 Myrvollane til Hestdal – Meland kommune.

Vi viser til brev frå kommunen datert 17.09.2018, med frist for uttale 31.10.2018. Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan KV 1133 Myrvollane til Hestdal.

Formålet med detaljreguleringa er å legge til rette for bygging av nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal og for omlegging av Håtuftvegen i samband med framføring av VA-leidningar.

Fylkesmannen sine merknader

Fylkesmannen er positiv til at kommunen no utarbeider ein reguleringsplan på tiltaka.

I vår uttale til oppstart var vi særleg opptatt av at landbruksinteressene vart belyst. I planskildringa står det at «*Der omlegginga går over matjord vil jorda bli teke vare på og omplassert i samråd med grunneigar. Deler av eksisterande veg som skal fjernast, vil kunne nyttast til matjord.*». Dette er bra, men vi kan ikkje sjå at det er følg opp i føreseggnene. Det må stillast rekkjefolgjekrav til tilbakeføring av aktuelle deler av eksisterande veg, til landbruksareal. Det må også kome klart fram i føreseggnene at matjord skal takast vare på å nyttast til jordbruk.

Under punkt 5.2 Landbruk står det: «*Skjønnsmessig anslått vil tiltaket medføre eit permanent netto beslag av dyrka mark med ca 7,7 dekar.*». Fylkesmannen meiner at beslag av dyrka mark skal vere konkret. Det står ikkje noko om kva kvalitet det er på jorda som vert omdisponert, om det er fulldyrka mark, overflatedyrka eller innmarksbeite. Fylkesmannen si vurdering er at ei klargjering av dette er eit minimum for vurdering av verknaden av planen for landbruket. I tillegg bør også den avbøtande verknaden av tilbakeføring av veg til dyrka mark vurderast.

Fylkesmannen legg til grunn at våre merknader vert tatt omsyn til i vidare arbeid med planen.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen
Statens Vegvesen, Region Vest Postboks 43 6861 LEIKANGER